



Saksbehandlar: Kristin Rundsveen, Fylkesordføraren
Sak nr.: 16/4618-4

Saman for ei meir rettferdig nettleige

Sogn og Fjordane fylkesting krev at det vert utarbeidd ein modell som sikrar utjamning av nettleiga i heile landet.

Sogn og Fjordane er i landstoppen av kraftproduksjon. Likevel må innbyggjarane i fylket betale betydeleg meir i nettleige for å bruke straumen. Det påverkar familiar, næringsliv og satsinga på viktige klimagrep. Fylkestinget i Sogn og Fjordane ber difor stortinget å følgje opp bestillinga om ei meir rettferdig nettleige.

Familiar flest i Sogn og Fjordane betalar rundt 46 øre per kilowattime medan ein tilsvarande familie på austlandet betalar 26 øre i nettleige per kilowattime. Det gir usosiale utslag, og påverkar kvardagsøkonomien til både unge og eldre, sjølv om ein berre bur like ved kraftstasjonen der straumen blir produsert.

Skeivfordelinga i nettleiga gir vidare utslag for mange verksemder som brukar mykje kraft til drift og produksjon. Som nokre bransjedøme får verft, hotell, bakeri og industri ei «ekstrarekning» på nettleiga som i mange tilfelle blir fleire hundre tusen kroner. Det er midlar som mange av verksemndene heller kunne investere i tilsette, utvikling og verdiskaping.

Fylket vårt kan bidra med fornybar kraft og teknologi. Vi kan investere i ein betydeleg straumproduksjon, og vi kan satse på elektrifisering av transport på sjø- og land. Utfordringa er at dei naudsynte oppgraderingane av linjenettet medfører ei ytterlegare auke i nettleiga til innbyggjarane i kraftområdet. Dette er ikkje rettferdig. Vi vil ta klimaansvar, men vi forventar ei betre fordeling av kostnadane som følgjer av investeringane i den fornybare infrastrukturen. Denne systemfeilen må vekk.

Den 8. mai la Distriktsenergi fram eit framlegg til ny modell [1] for å få ei meir rettferdig fordeling av nettleiga. Denne modellen vektar effektiviteten i nettselskapa slik at det ikkje vil vere til hinder for fornuftige strukturendringar i kraftbransjen.

Olje- og energidepartementet har i brev datert 28.02.2019 bede Norges vassdrags- og energidirektoratet (NVE) vurdere ulike verkemiddel og tiltak som kan utjamne nettleiga for alle forbrukarar i distribusjonsnettet. Vurderinga skal gje anbefaling på kva tiltak eller verkemiddel som er best eigna. Departementet ber om at NVE sine vurderingar må vere klare 1. oktober 2019.

Fylkestinget krev ein modell som sikrar utjamning av nettleiga i heile landet.

[1] <https://www.distriktsenergi.no/artikler/2019/5/8/distriktsenergi-med-modell-for-likere-nettleie-effektivitetsmodellen/>